



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9548 - 22/8199

Saksbehandlar:
Ingrid Raniseth
ingrid.raniseth@alver.kommune.no

Dato:
28.01.2022

Uttale til søknad om auka mottak av farleg avfall RGS Nordis AS avfallsanlegg, gbnr. 127/105

Alver kommune viser til oversending av søknad om auka mottak av farleg avfall på RGS Nordic AS avfallsanlegg. Konsekvensen av endringa er beskrive som primært ei auke av båtleveransar. Fristen for uttale vart etter avtale sett til 31.01.2022.

Vi viser til vedlagte merknader som kommunen har mottatt i samband med at saka har vore til uttale intern i organisasjonen. Vedlagt er også ei oppsummering av gitte bruks- og byggeløyver.

I høve lokale tilhøve ynskjer vi å opplyse om at Alver kommune er i pågåande forhandling med grunneigar Bergen og omland Havnevesen om å kjøpe ein større prosentdel av den aktuelle tomte 127/105.

Videre vert det på naboeigedommen i sør, gbnr. 127/91 mfl., planlagt for landbasert oppdrettsanlegg inkludert eiga osmoseanlegg for produksjon av ferskvatn og biogassanlegg for handtering av fiskeslam og klekkeri/smoltanlegg, samt energitunnel i den pågåande planen Grøn omstilling av Mongstad, plan-id 46312020006. Eventuell forureining frå 127/105 vil få følgjer for det planlagde anlegget.

Kommune si samla vurdering er at tiltaket er tråd med formålet sett i gjeldande plan, men at søknaden ikkje gjer greie for om tiltaket med auka båttransport vil vere til hinder for tilkomsten og tilgjengelegheita til det offentlege kai- og hamneområdet. Vi ber også om at det vert tatt omsyn til det tilgrensande planarbeidet.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Raniseth
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Svar på uttale til søknad om auka mottak av farleg avfall - gbnr 127105 Mongstad
Planstatus gbnr. 127105

Svar på uttale til søknad om auka mottak av farleg avfall - gbnr 127105 Mongstad
Byggeløyve og ferdigattest gbnr.. 127105
Oversiktskart

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger